

Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Nordland

fmnopost@fylkesmannen.no


24. mars 2015

KLAGE –LØYVE TIL UTSETTING AV LUTZGRAN PÅ GNR 39 BNR 30 I SORTLAND KOMMUNE

Vi viser til søknad av 17.2.2015 og vedtak av 4.3.2015, sak 2015/1233.

Vi klager på vedtaket og ber om at det blir gjort om til avslag. Vi ber dessutan om at klagen får oppsettjande verknad.

Dette vedtaket må sjåast i samanheng med ei liknande sak på gnr. 39 bnr. 55 i same kommune, nyleg avgjort av Miljødirektoratet (Miljødirektoratet si sak 2013/1583).



Figur 1.
Naturtypelokaliteten av beiteskog som blei kartlagt i 2014 med grønt raster sentralt. Gul ring er plasseringa av søknaden til Willumsen. I nordvestre del av naturtypelokaliteten ligg områda handsama i klagesaka i Miljødirektoratet. Kartgrunnlag frå Gislink.

Miljødirektoratet sitt vedtak i klagesaka er heilt sentralt ved vurdering av den nye saka. Konklusjonen nedanfor er frå nemnte klagesak avgjort av Miljødirektoratet:

Konklusjon

Miljødirektoratet anser at den omsøkte utplantingen av lutzgran medfører noe risiko for uheldige følger for naturmangfoldet, herunder forringelse av en nær truet beiteskoglokalitet av verdi B (regionalt viktig), med potensiale for rødlistede arter. Sammen med andre påvirkninger på beiteskog kan omsøkt utplantning medføre uheldige følger for beiteskog i et regionalt perspektiv. Imidlertid har Direktoratet etter en helhetsvurdering funnet at særlige omstendigheter tilsier at Fylkesmannens vedtak om tillatelse likevel bør opprettholdes. Det fremheves at utplantingsens risiko for uheldige følger for naturmangfoldet isolert sett er begrenset, og at utplantingen kun medfører en lav grad av ytterligere belastning for beiteskog som naturtype, sett i lys av lang saksbehandlingstid. Videre er det at kunnskapsgrunnlaget ikke var oppfylt, og at utsettingsområdet og tilgrensende arealer i ettertid måtte kartlegges, en særskilt omstendighet. Regulering av utenlandske treslag er et relativt nytt regelverk, i tillegg til at dette er blant de første saker som angår treslagsskifte til behandling i Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vurderer på bakgrunn av dette at det er mest hensiktsmessig i den konkrete saken å likevel opprettholde Fylkesmannens tillatelse.

Willumsen sin søknad og klagesaka som nettopp er avgjort har nokre viktige likheitstrekk:

- Det er tale om same treslag
- Utplantingsområde ligg nær same naturtypelokalitet, og vil påverke denne mykje på same måte.

Det er nokre viktige trekk som skil sakene:

- Ved vurdering etter naturmangfaldlova §10 må ein no ta omsyn til at det alt er gitt løyve til tiltak som vil redusere kvalitetane på naturtypelokaliteten. Nml § 10: «En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller **vil bli utsatt for.**» (Vår utheving). Eit nytt løyve vil heilt klart auke denne påverkinga. Det opplyst i søknaden at det finst andre plantefelt i området, men informasjon om kor felte finst manglar, og kva dei ulike består av eller kor gamle dei er, ser vi ikkje. Dette kan seie noko om frøspreiingstrykk og haustingstidspunkt som er viktig i saka. Det er difor ikkje heilt klart kva fylkesmannen baserer si analyse av situasjonen på, men det finst kanskje informasjon som ikkje kjem fram frå verken søknad eller løyve. Så lenge dette ikkje kjem tydeleg fram, kan vi ikkje sjå at fylkesmannen har grunngjeve korleis samla påverknad på naturtypen ikkje vil auke så lenge det ikkje finst ei god oversikt over andre plantefelt.
- Regelverket er ikkje lenger nytt, og Miljødirektoratet har fått høve til å handsame fleire klager.
- Arealet med beiteskogen som nær truga naturtype er kartlagt og kjent før søknaden blei sendt.
- Sakshandsamingstida så langt har vore svært kort og gir ikkje grunnlag for spesielle omstende som følgje av lang sakshandsamingstid.
- Der Miljødirektoratet viste til spesielle omstende for å tvile seg fram til eit løyve i klagesaka, har ikkje Fylkesmannen i Nordland vist til spesielle omstende i det heile.

Den nye saka er med klagesaka som bakgrunn etter måten svært godt opplyst.

Dei faktiske kunnskapane om spreieingseigenskapane til lutzgran aukar. Det kjem nye døme på at det som av skogbruket er opplyst å vere sitkagran ofte viser seg å få konglar som fortel at det er tale om lutzgran som faktisk er planta ut. Avkommet frå desse plantingane har vore oppfatta som sitkagran, men det er god grunn til å tru at artsoppfatninga også av avkommet må vurderast på nytt. Så langt vi er kjent med, må ein anten DNA-bestemme desse avkomma, eller ein må vente til dei blir kongleberande, for å finne ut om det er tale om sitkagran eller lutzgran. Årsaka til samanblandinga frå skogbruket si side er venteleg den same som den vi sjølv ser – det er vanskeleg å skilje sitkagran og lutzgran så lenge trea ikkje er frøberande, og kva som er rein sitkagran og kva som er kryssinga lutzgran kan vere vanskeleg nok også for individ med konglar. Det er dokumentert ein stor kunnskapsmangel på dette området, og Miljødirektoratet har nyleg lyst ut etter tilbod om omfattande kartlegging av desse spørsmåla.

Det er søkt om å plante lutzgran der det tidlegare er hogd gran. Det er ikkje opplysningar i søknaden som seier noko om kvifor grana må erstattast med lutzgran. Når ein skal plante til med eit framandt treslag, bør ein vente at søker grunngjev behovet for slik bruk, men dette kjem ikkje fram i søknaden. Viss det ikkje blir gitt nye løyve til bruk av lutzgran og sitkagran i dette området, vil det om ei tid minke på areala med utanlandske treslag i nær tilknytning til beiteskoglokaliteten.

Grana er på denne staden ein framand art, og spreiar seg også. Dette er klart uheldig. Areal som ligg så tett opp til verdifulle naturtypelokalitetar bør ha naturleg skog i staden. Når ein tar omsyn til kostnader som vil kome på knytt til rømlingkontroll knytt til framande treslag, ser vi føre oss at økonomien i naturleg lauvskog på denne staden ikkje treng bli noko dårlegare.

Føresetnadene til søkjar

Å plante ut eit utanlandsk treslag har eit sett av plikter knytt til viss det skal gjevast løyve. Søkjar si oppfatning av problemstillinga knytt til spreieing av uønska artar er viktig. I denne saka har ikkje søker oppfatning av at det er slike problemstillingar, endå så mykje dette har vore framme i media for klagesaka som før er nemnt. Dette tykkjer vi er urovekkande.

VURDERING AV RISIKO FOR SKADE OG PLANLAGTE TILTAK

20. Vurder hvilke følger utsettingen, av omsøkt treslag, kan medføre for det biologiske mangfoldet i og rundt utsettingsområdet. Vurderingen bør inneholde en beskrivelse av hvilke arter og økosystem som blir berørt av aktiviteten. Vurder videre hvilken innvirkning utsettingen kan regnes å ha på disse*:

Ingen kjente

Som følge av at søker ikkje har oppfatta noko problemstilling rundt spreieing av lutzgran har vedkomande heller ikkje nokon plan for at det må setjast i gang rømlingkontroll.

21. Beskriv planlagte tiltak for å hindre spredning av det gitte treslaget fra utsettingsområdet (inklusive internkontroll, dersom det er relevant for søknaden)*:

Regelverket for skogbruket har hatt plikt til kontroll med rømlingar dei siste 20 åra. Dette tyder på ei heilt manglande forståing av problemstillingane knytt til bruken av utanlandske treslag.

Rømlingkontroll – krav til organisering

Fylkesmannen peikar på at det no er sett krav om rømlingkontroll og at det kan vere positivt også med tanke på det som er sett ut i området frå før. Her er mange grunneigarar og truleg fleire bidragsytarar til spreininga. Der er det noko verken Fylkesmannen eller vi har sett enden på. Når det er fleire kjelder til frøspreiing, og fleire eigedomar der rømlingkontrollen skal gå føre seg, må det truleg til tinglyste grunneigaravtalar som fordelar ansvar og areal mellom eigarane. Sidan frøspreiinga kan gå over langdistanse, vil dette gjelde store areal. Jo lenger frå opphavet til frøspreiinga, jo vanskelegare blir det å få til ein effektiv rømlingkontroll.

Oppsetjande verknad av klagen

Med den kunnskapsinnhentinga som er sett i gang med omsyn til kartlegging av spreiningstilhøva for lutzgran, bør det vere svært god grunn til at det ikkje blir planta ut lutzgran i år.

Med venleg helsing

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleiar, WWF-Norge

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Jan Hatløy
Naturvernforbundet i Vesterålen